



Åsmund Kåre Rørvik, Svein Arne Eidsvik og Inge Reinertsen ser lyst på Stiftinga si framtid. (Foto: Kristian Hus)

**Sparebank 1-stiftinga Kvinnherad vil i haust dela ut 1,25 millionar kroner til almenntilgode føremål. I tillegg er det omdisponert 2,25 millionar som vil bli tildelt seinare. Det opplyser styreleiar Svein Arne Eidsvik frå Herøysund til [HusnesNett](#).**

**Stiftinga har hatt generalforsamling og attvald Leohnard Eik frå Uskedalen som leiar.**

**Åsmund Kåre Rørvik er dagleg leiar i halv stilling**

Stiftinga vart etablert då Kvinnherad Sparebank gjekk inn i SR-Bank i fjor haust og har ein kapital på 350 millionar. Framtidige utbytte frå denne eigarposten vil bli disponert mellom anna til almenntilgode føremål.

Stiftinga er den tredje største eigaren i SR-Bank med ein eigarandel på nær fem prosent.

Konserndirektør i SR-Bank, Inge Reinertsen minte under generalforsamlinga om at banken har tradisjon for å skapa god avkastning og det vil stiftinga nytta godt av.

Han noterte også at det i banken sitt område er større vekst i befolkningen enn elles i landet og såg lyst på utsiktene trass i knallhard konkurranse.

Samla sett er leiinga godt nøgd med samanslåinga og meiner det er skapt ein god basis for vidare vekst i distriktet.

Reinertsen spår at den lokale stiftinga vil bli tilført pene beløp framover.